

Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep.
0030 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
201208526-5/100/BJORMI

Dykkar ref.:
11/951JNH/NZM

Bergen, 01. februar 2013


Melding om vedtak

Fylkesutvalet i Hordaland handsama 31.1.2013, sak 31/13, «Høyringsuttale - til NOU 2012:16 Samfunnsøkonomiske analyser», og gjorde slikt vedtak:

- «1. Fylkesutvalet meiner at samfunnsøkonomiske analysar kan vera ein viktig del av avgjerdsgrunnlaget for om eit offentleg tiltak, reform eller ei regelendring skal gjennomførast. For å sikra politisk legitimitet for analyseresultata, er det viktig at analyserammeverket stadig vert utvikla og fagleg oppdatert.
2. Fylkesutvalet er i hovudsak positiv til tilrådingane i NOU 2012: 16 «Samfunnsøkonomiske analyser», men rår til at
 - a) Utrekning av «meirnytte» bør så langt som mogleg inngå i kostnads/nytteanalysane der det er relevant (som t.d. for prosjektet Ferjefri E39), heller enn som ei skjønsmessig tilleggsvurdering.
 - b) Risikofri kalkulasjonsrente vert sett til 3,5 %.
3. Fylkesutvalet sluttar seg til KS sin uttale til NOU 2012:16, frå 3.1.2013»

Vedlagt følgjer fylkesrådmannen sitt saksframlegg.

Med helsing



Thorbjørn Aarethun
Kst.samferdselssjef



Bjørn Inge Midtgård
Seniorrådgjevar